



2 veteranar og 1 vikar er på jobb i dag: Ester Mørstad, Arnhild Myklebust og Rigmor Rasmussen. I morgon skal dei på fest!

**I morgon kveld tek leiar Kristian Bringedal i Uskedal Utvikling på seg spanderbuksene og leitar fram trekkspelet. Han skal vera vert for dei 25 flinke dugnadsdamene som no har halde Kafe Tlaren gåande i meir enn 7 år. På invitasjonen vert dei varmt hylla og det vert understreka at det store arbeidet dei gjer er viktig for bygda, både**

**fastbuande og tilreisande, og for alle som brukar  
Gamleskulen som ein positiv møteplass.**

UU får inntekter i tillegg til at tiltaket er viktig som ein sosial treffstad.

På programmet står servering av koldtbord frå Elins Matgleder, innslag og helsingar og song, skriv styret..Og dagleg leiar Berit Harriet Døssland opplyser at dei fleste inviterte kjem.

Korleis har så besøket vore ved tysdagskafeen denne hausten? Det har vore stabilt utan nokon desidert topp og på 7 opningsdagar har damene fått inn over 9 000 kroner. 1850 kroner har vore den beste 'noteringa' og då var 58 vaksne og 7 born innom.

Det er ein kjerne som er utruleg trufast. Mange av dei i kjernen har ein spesiell tilknytning til Gamleskulen og delvis har dei hatt det heile livet. Mange av gjestene har gått 7 år på skulen der og ser med glede at huset har fått ny vind i segla som møtestad i bygda. Og det stoppar ikkje der.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen